



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Dalsfjorden, Volda rådhus
Dato: 29.01.2019
Tid: 13:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 6/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 7/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 8/19	Endring av namn på Grendavegen - endeleg vedtak
PS 9/19	Auke av sats for bomveg - Blåfjellvegen på Folkestad
PS 10/19	Deling av bustadstomt - Gbr 6/6
PS 11/19	Revidering av skiltplan for Volda sentrum
PS 12/19	Orienteringssaker
OS 1/19	Ettersøksavtale for 2019

PS 6/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 7/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Torgeir Stensø

Arkivsak nr.: 2018/1627

Arkivkode: L32

Utvalsaksnr Utval
8/19 Forvaltningsutvalet

Møtedato
29.01.2019

ENDRING AV NAMN PÅ GRENDAVEGEN - ENDELEG VEDTAK

Administrasjonen si tilråding:

1. Med heimel i stadnamnlova § 6 vert vegnamnet *Grendavegen* vedteke endra. Det nye namnet skal vere *Grannevegen*
2. Som følge av namneendringa skal bustadane som er tilknytt adresseparsellen tildelast nye adresser.

Saksopplysningar/fakta:

Med bakgrunn i at Hornindal og Volda kommunar med verknad frå 01.01.2020 vert samanslått er det oppstarta sak om endring av adressenamnet *Grendavegen*. Dette er gjort for å sikre at ein ikkje får like adressenamn i den framtidige kommunen og for at innbyggjarane såleis skal kunne tildelast unike adresser.

Aktuelle høyringspartar – mellom desse bebuarane i *Grendavegen* - vart orientert om oppstart av namnesak og dei vart vidare tilsendt invitasjon om å kome med forslag til namn på den aktuelle vegparsellen.

Det vart med basis i mottekne forslag lagt fram sak om dette til forvaltningsutvalet der namnet *Heklå* vart vedteke sendt på høyring. Kommunen mottok brev med underskrifter av eit fleirtal av bebuarane der det vart gjeve uttrykk for at dette namnet av ulike grunnar ikkje ønskast nytta. Som alternativ vart det gjort framlegg om å nytte namnet *Grannevegen*.

Forvaltningsutvalet vedtok i sak 93/18 den 11.12.2018 å imøtekome bebuarane sitt ønskje og å sende namnet *Grannevegen* ut på høyring. Ny høyringsfrist vart sett til 11.12.2018. Høyringsfristen er no ute og det er ikkje motteke merknadar til å nytte dette namnet.

Vurdering og konklusjon:

Det er gjennomført høyring av namnet *Grannevegen* som nytt namn på *Grendavegen*. Det er ikkje motteke merknadar til dette og det nye namnet kan såleis vedtakast. Som konsekvens av vedtak om namneendring må bustadane i den aktuelle vegen tildelast nye adresser.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Beredskapsmessige konsekvensar:

Etablering av unike adressenamn/adresser for nye Volda – som grunnlag for samanslåing med Hornindal kommune – er eit viktig og naudsynt grep i høve samfunnstryggleik. Eit sentralt moment her er at innbyggjarane i kommunen skal ha unike adresser som hindrar mistydingar t.d. for uttrykkingsetatane

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Oppsitjarane i Grendavegen

Stiftinga Volda Sogelag, Lægdavegen 39 6100 Volda

Heltne/Bratteberg grendalag co/Yngve Vadstein, Klatrevegen 7 6104 Volda

Språkrådet, Postboks 1573 Vika 0118 Oslo

Kartverket Molde

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Liv Bente Viddal

Arkivsak nr.: 2018/2260

Arkivkode: Q33

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
9/19	Forvaltningsutvalet	29.01.2019

AUKE AV SATS FOR BOMVEG - BLÅFJELLVEGEN PÅ FOLKESTAD

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet viser saksutgreiinga, og godkjenner dei satsar som går fram av søknaden med heimel i Veglova sin § 56.

Vedleggsliste:

Revidert søknad per 02.01.19

Saksopplysningar/fakta:

Løyve gitt i brev datert 18.12.18 utgår da det har kommen nye opplysninga om saka i etterkant.

Blåfjellvegen veglag søkjar 2. januar 2019 om godkjenning av auka bomepengesatsar. Dei nye satsane for personbil er 40 kroner (årskort 400 kr), lastebil 130 kroner, moped/ATV 20 kroner og traktor 40 kroner. Dei gamle satsane var 30 kroner for bil og traktor, 100 kroner for lastebil og 15 kroner for moped/ATV.

Vegen er 2.936 meter lang og bygd som ein klasse 3 heilårs landbruksveg i 1988.

Veglova § 56 lyder:

”Med samtykke frå kommunen kan det krevjast bompengar for ferdsel på privat veg.

Kommunen skal òg fastsette storleiken på avgifta og kan sette vilkår om bestemt bruk av avgiftsmidlane.

Kommunen kan òg fastsette at det kan krevjast tilleggsavgift av eigaren til køyretøyet ved unnlatt betaling av bompengar og fastsette storleiken på tilleggsavgifta.”

Vurdering og konklusjon:

Vegvedlikehald av ein veg på 2.936 meter krev innsats i timar og kroner og det er derfor ikkje urimelig at satsane no vert endra.

På bakgrunn av saksutgreiinga vil landbrukskontoret tilrå forvaltningsutvalet at dei omsøkte bompengesatsane for Blåfjellet veglag vert godkjent i samsvar med Veglova sin § 56.

Satsane vert godkjent frå den dato vedtak vert gjort.

Orientering om rett til å klage på enkeltvedtak:

Vedtaket kan påklagast til Ørsta kommune ved landbrukskontoret. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klager seint, slik at det kan være uklårt for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppge datoen denne meldinga kom fram.

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Peder Magnussen
Fagansvarleg skogbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Sameiget Blåfjellvegen veglag
Landbrukskontoret i Ørsta og Volda

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fra: Jørgen Vestgarden[Jorgen.Vestgarden@volda.kommune.no]
Sendt: 03.01.2019 08:58:21
Til: Postmottak Volda
Tittel: VS: Blåfjellvegen folkestad

Til sak 2018/2260



Jørgen Vestgarden

Utviklingssjef

Utvikling

Mobil 90470915

www.volda.kommune.no

Fra: Jonas Sollid Egset <Jonas.Egset@egset.no>
Sendt: 2. januar 2019 14:40
Til: Jørgen Vestgarden <Jorgen.Vestgarden@volda.kommune.no>
Emne: Blåfjellvegen folkestad

Hei

Viser til samtale på tlf og kjem her med den nye saka anngående takstauke på blåfjellvegen på folkestad

Eg ser at å auke til 50 kr på personbil vart litt feil, eg hadde ikkje utforska nok rundt om på kva dei andre fjellvegane låg på i takst før vi bestemte denne auka på 50 kr på personbil. Ein annan feil også var nok å auke kun på personbil då det må vere ein viss samanheng når ein aukar takstane slik. Men etter å ha sett litt rundt om på andre vegar kjem her no en ny søknad :

Styret i SAMEIGET BLÅFJELLVEGEN VEGLAG, org nr : 913 548 981 har vedteke å auke takstane på veggen.

Etter det meg forstått er dette noko vi må søke kommuna om før vi gjere endring.

Trafikken har auka ekstremt dei siste åra med ein del hytteutbygging og stor interesse for å gå på "Galten" med spektakulær utsikt. Volda kommune er også no med i Sunnmøre friluftsråd der "Kornbergveten" er eit av dei 10 "Stikk UT" måla til kommunen som også har ført til økt trafikk.

Dette er sjølvsagt ikkje noko negativt, snarare tvert i mot! Men med økt trafikk kjem økte utgjifter på vedlikehald og ser vi oss naudsynte til å auke takstane.

Vi håpar dykk vurderar det som god grunn til å auke taksten og at vi får innvilga auka.

Når vi skal auke takstane på kjøretøya, er det vanlig at vi aukar den med den samme prosentten som vi vil auke personbil med eller skal vi auke den med 10 kr?

For eksempel:

Personbil : 30 kr, auke til 40 kroner derav ei auke på 33,3 %

Lastebil : 100 kr, auke til 110 kroner eller ei auke på 33,3 % som tilsvara 133,3 kroner. (ronde ned til 130)

Atv og moped : 15 kr, auke til 25 eller ei auke på 33,3 % som tilsvara 19,99 kroner (ronde opp til 20)

Traktor : 30 kroner auke til 40 kroner, samme takst som på personbil.

Vist dette er tilfellet so søker vi om og få auke takstane på blåfjellvegen med 33,33 prosent.

Beste helsing

SAMEIGET BLÅFJELLVEGEN VEGLAG, org nr : 913 548 981
V/ Styreleiar, Jonas Sollid Egset.

Med helsing

Jonas Egset

Egset Ventilasjon AS

Morkafura 8 - 6105 Volda

Telefon: +47 926 37 699

Web: www.egset.no



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Liv Bente Viddal

Arkivsak nr.: 2018/2322

Arkivkode: 6/6

Utvallsaksnr

Utval

Møtedato

10/19

Forvaltningsutvalet

29.01.2019

DELING AV BUSTADSTOMT - GBR 6/6

Administrasjonen si tilråding:

Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:

Forvaltningsstyret syner til søknad dagsett 03.12.2018, frå Oddvin Magne Bjerkvik, der det vert søkt om deling av bustadtomt på 2,0 daa frå gnr 6 bnr 6.

Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsstyret løyve til frådeling av tomt på inntil 2,0 daa. Grunngevinga for løyve er at tomta har ei tenleg plassering i ytterkanten av ein teig, og at det i kommunedelplanen er opna for spreidd fritids- og bustadbygging her.

Vedleggsliste:

Søknad om deling frå Oddvin Bjerkvik, dagsett 03.12.2018

Samandrag av saka:

Det vert søkt om frådeling av tomt frå gnr 6 bnr 6.

Saksopplysningar/fakta:

Søknaden gjeld deling av bustadtomt på om lag 2,0 daa frå Birkevik gnr 6 bnr 6 i Volda.

Søknaden er dagsett 03.12.2018, og Volda kommune sendte ut førebels svar til søkjar

20.12.2018, der ein gjer greie for den vidare saksgangen og sakshandsaminga. Det at saka må handsamast etter jordlova vert varsla der.

Saka vart drøfta i planmøtet i Volda kommune 16.01.2019. Dette vart ført inn i referatet etter drøftinga: «Søknad om frådeling og mogleg dispensasjon frå kommuneplan, bustadtomt Eidheimsvegen gbr 6/6. Planstatus: LNF med tillatt spreidd busetnad. Tiltaket er i samsvar med arealdel. Må handsamast etter jordlova. Det er frådelt fleire tomter langs Eidheimsvegen. Burde ideelt sett hatt ein samla plan. Lett tilkomst, vatn og avløp er ok. Må ta omsyn til va-leidning som muleg må leggest om. Må ta omsyn til bekken og sikre min 20 m avstand. Må ha målsett situasjonsplan. Ideelt sett bør ein sjå på om det er muleg med felles avkøyrsløse med anna frådelt tomt like ved. Bør vurdere eit makstal for bustader innanfor eit noko meir avgrensa areal for spreidd bustadbygging i ny arealdel.»


I kommunedelplan for Berknes/Lid er det lagt opp til at det i dette området skal kunne vere tillate med spreidd bygging/frådeling (LNF-soneB) dersom sektormynde ikkje har innseiingar.

Søkjaren Oddvin Magne Bjerkvik er eigar av Birkevik gnr 6 bnr 6. Landbrukseigedomen er totalt på 270 daa – fordelt på 9 teigar som ligg spreidd, og med desse markslaga:

Fulldyrka jord	Overflate - dyrka jord	Innmarks - beite	Skog særskilt høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uprod. skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Bebygd
8,7	0,7	17,3	,8	53,2	50,4	0	69,3	0	21,9	48	0,1


Eigedomen har to våningshus, driftsbygning, garasjar, naust, buder og mindre bygningar.

Føremålet med søknaden er å dele frå ei bustadtomt på om lag 2,0 daa. Arealet ein søker på er innmarksbeite. Bruket har her ovanfor Eidheimsvegen eit beiteareal på 17,3 daa. Beitet er ope og ser bra ut, sjølv om det for tida ikkje er i drift. Det står ei hytte og ein sommarfjøs i området. Nordvest i beite vart 6/43 delt frå tidlegare i år. Ut frå søknaden er tomte 2,0 daa, medan kartvedlegget syner 2,35 daa.



Tomt søkt delt frå gnr 6 bnr 6, markert med raud kant.

Området er med i kommunedelplanen for Lid/Berknes frå 1990, og er her LNF-sone B: ”Innanfor desse områda kan det dersom sektormynde ikkje har innseiingar tillatast bygg for næringsverksemd, spreidd fritids- og bustadbygging etter PBL-§20-4 2.ledd pkt c. For spreidd bustad- og fritidsbusetnad på to eller fleire einingar vert bebyggelsesplan kravd. Jordlova §§ 54 og 55 skal framleis gjelde.”



Utsnitt frå kom.del. plan. Areal ein søker på ligg i lys grønt farga felt LNF sone B

Den fulldyrka jorda på eigedomen vert leigd bort til anna aktivt landbruksføretak i Volda.

Ein har gått gjennom kartbasar for å sjå om tiltaket er i konflikt med ulike fagtema. Ein fann ingen markeringar for tema innanfor søkt areal. I karta fann ein to element som ein må ta omsyn til i den vidare utviklinga av tomte.

- 1) Som nemnt i planmøte går det ein bekk gjennom området. Denne må ein ta omsyn til i høve kantsone og i høve flaumproblematikk, og avklare ved ei eventuell bygging på tomte. Grovt rekna har bekken ut frå kartet eit nedslagsfelt på om lag 50 daa, slik at det ved 20-årsflaum kan kome om lag 150 l/sek.
- 2) I grensa mot bnr 5 står eller har det stått ein bygg, truleg ein vårfjøs eller liknande. Ein har ikkje fått synfart området slik at ein ikkje kjenner tilstanden til bygget/ruinen. Ved eventuelle tiltak her må ein avklare forholdet til bygget/ruinen.

Vurdering og konklusjon:

Ved handsaming etter jordlova § 9 (omdisponering) og §12 (deling) må ein syne til rundskriv: M-1/2013 Omdisponering og deling.

§12 Deling i jordlova lyder no slik:

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaktning, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)

Arealet kor tomte er innteikna er klassifisert som innmarksbeite i AR5. I kartbasen over dyrkbar jord er arealet ikkje markert dyrkbart. Ein vel difor å ikkje vurdere søknaden etter § 9 Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i jordlova.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.

Vurderingar:

Tema:	Vurdering:
Ressurs for eigedomen:	Arealet er beitemark med høg produksjonsevne. Bruket vil dermed misse godt beiteareal. Innmarksbeite vert redusert frå 17,2 til 15,2 daa. Tomta vert liggjande i ytterkant av beitet.
Driftsmessig tilkomst:	Ingen merknad
Temabasar i Kilden:	Får ikkje treff i basane for dette området.
Påverknad for drifta av landbrukseigedomen:	Frådelinga vil påverke beitet. Ein må avklare kven som får gjerdeplikt mot beitet, oftast er det den nye eigedomen. Ut frå kartvedlegget er tomte på 2,345 daa. Tomta må avgrensast til inntil 2,0 daa slik ein søker om i søknadsskjema.
Delinga – ein må vere budd på ... :	Ein må vere budd på at her kan kome beitedyr, med det som følgjer slik aktivitet.
Plassering:	God
I høve til planstaus:	Ein har her opna opp for spreidd busetnad gjennom bruk av LNF-sone B.

Det skal leggjast vekt på om deling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulemper i høve landbruk.

Denne saka gjeld deling av ny bustadtomt. Ein har i samband med frådeling til bustadtomter akseptert tomter opp mot 2,0 daa, ute på bygdene, og mindre i sentrumsnære strok.

Vurderinga skal sjå til at eigedomen etter ei deling har nok ressursar for ei framtidig drift, og ikkje vert vesentleg svekkja. Delinga slik den er søkt vil ha negative følgjer for bruket som jordbrukseigedom, då beiteressursane vert svekka. Tomta må avgrensast til inntil 2,0 daa.

Etter ei samla vurdering av momenta som skal leggjast vekt på jmf jordlova, finn vi under tvil å akseptere deling då arealet i kommunedelplanen er opna for spreidd busetnad. Her er no så mykje delt frå at ein treng regulering for å få styring på utviklinga av området. Delinga svekkjer landbrukseigedomen med tanke på å drive jordbruksnæring. Med heimel i jordlova vil ein ikkje gå imot å gi løyve til deling etter §12, for ei tomt inntil 2,0 daa.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Oddvin Bjerkvik, Berknesvegen 782, 6105 Volda

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning


Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m og § 20-2, samt lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt.
Ved plassmangel, lag eige vedlegg

Søknaden sendast:

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Plass for kommunen sitt stempel

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 18/569	Ans: Utv
Løpenr:	Sns: TASTE
10 DES 2018	
Arkivdel:	
Klassering P: Bygg	
Klassering S:	

Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom:

Gnr. 6 Bnr. 6 Fnr. Seksj.nr. Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar): Oddvin BJERKVIK

Underskrift: Oddvin Bjerkvik

Søknaden/rekvisisjonen gjeld:

- Deling og oppmålingsforretning
 Oppretting av festetomt
 Oppretting av punkt feste
 Anna: (spesifiser) _____
 Dispensasjon (dispensasjonssøknad skal grunngjevast på eige ark)

Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.	
1	<u>2000</u> m ²	<u>Bustad tomt</u>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
2	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

Arealdisponering

- Kommunedelplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Kommunedelplan for lid og Berkenes

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

Avstandar

- Går det høgspant kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: ... m **Dersom ja, må ein legge ved ei nærare utgreiing/avklaring med ledningseigar om dette**
- Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: 0 m

Krav til byggegrunn (pbl § 28-1 og §§ TEK10 7-2 og 7-3)

Er tiltaket plassert i flomutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år <input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Er tiltaket plassert i skredutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/20 år <input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Andre natur- og miljøtilhøve? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, dersom ja, beskriv kompenserende tiltak i eige vedlegg	

Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrsløse frå offentlig veg (plan må vedleggast)
 Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse

Er løyve til avkøyrsløse gitt? Ja Nei

Dersom delinga betingar vegrett over privat grunn, må dokumentasjon vedrørande dette leggjast ved.

Vassforsyning og avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2

Offentleg vassverk: Ja Nei
Offentleg avløpsanlegg: Ja Nei
Privat vassverk: Ja Nei
Privat avløpsanlegg: Ja Nei

For tilknytning til privat felles vassverk og avløpsanlegg må løyve til å vere tilknytt og til å kunne gjere naudsynt vedlikehald på anlegget, vedleggast.

Dersom det ikkje er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggjast ved denne søknaden.

Vedlegg


Vedl. nr.: Beskrivelse	Vedl. nr.: Beskrivelse
1 <input checked="" type="checkbox"/> Kart/situasjonsplan	Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan belyse saka.
2 <input checked="" type="checkbox"/> Gjenpart av nabovarsel	
<input type="checkbox"/> Dispensasjonssøknad	
3 <input checked="" type="checkbox"/> Fråsegn, samtykkje, løyver	
4 <input checked="" type="checkbox"/> Andre vedlegg	

Underskrift av søkjar/rekvirent

Dato	Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar)	Rekvirenten si underskrift
3/12-18	ODDVIN BJERKVIK	<i>Oddvin Bjerkvik</i>
Adresse		Postnr/stad
Berkenvegen 782		6105 VOLDA
E-postadresse		Telefon
hitoddbjerkvik@gmail.com		48053523


Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut korrekt, vil faktura verte sendt rekvirent)		
Dato	Betalar sitt namn med blokkbokstavar	Betalar si underskrift
03.12.2018	Sindre G. Dimmen	<i>Sindre G. Dimmen</i>
Adresse		Postnr/stad
Lidavegen 36		6105 Volda



Garage
H 15

Vedle A



Vedlegg 3

Vedlegg
C - 2

Side 1 - av 1

Nullstill



Kvittering for nabovarsel skal sendast kommunen saman med søknaden

Nabovarsel kan anten sendast som rekommandert sending, overleverast personleg mot kvittering eller sendast på e-post mot kvittering. Med kvittering for at e-posten er motteken meinst e-post frå nabo/gjenbuar som stadfester at nabovarslet er motteke. Ved personleg overlevering vil signatur gjelde som stadfesting av at varslet er motteke. Det kan òg signerast på at ein gir samtykke til tiltaket.

Tiltaket gjeld							
Eigedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune
	6	6					
Adresse				Postnr.	Poststad		
Berknesvegen 782				6105	Volda		

Følgjande naboar har motteke eller fått rek. sending av vedlagte nabovarsel med tilhøyrande vedlegg:

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
6	4			Svein Bjerkvik			
Adresse				Adresse			Kvittering må leggjast ved
Berknesvegen				Berknesvegen			
Postnr.		Poststad		Postnr.		Poststad	
6105		Volda		6105		Volda	
Personleg kvittering for		Dato	Sign.	Personleg kvittering for		Dato	Sign.
<input checked="" type="checkbox"/> motteke varsel		6/12-18	Svein Bjerkvik	<input checked="" type="checkbox"/> samtykke til tiltaket		6/12-18	Svein Bjerkvik

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
Adresse				Adresse			Kvittering må leggjast ved
Postnr.		Poststad		Postnr.		Poststad	
Personleg kvittering for		Dato	Sign.	Personleg kvittering for		Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			


Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
Adresse				Adresse			Kvittering må leggjast ved
Postnr.		Poststad		Postnr.		Poststad	
Personleg kvittering for		Dato	Sign.	Personleg kvittering for		Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
Adresse				Adresse			Kvittering må leggjast ved
Postnr.		Poststad		Postnr.		Poststad	
Personleg kvittering for		Dato	Sign.	Personleg kvittering for		Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
Adresse				Adresse			Kvittering må leggjast ved
Postnr.		Poststad		Postnr.		Poststad	
Personleg kvittering for		Dato	Sign.	Personleg kvittering for		Dato	Sign.
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovannevnte adressatar.

Samla tal sendingar: _____ Sign.



Fråsegn om løyve

Berkvik, 6 desember 2018.

Eg gir med dette løyve til å gå med vassledning og straumkabel over min eigedom gnr 6 brnr 4, frå kum ved Eidheimsvegen og langs traseen for vatn og kloakkleidninga til vassverket ned til omsøkt frådelling av tomt ovanfor Eidheimsvegen heilt sør på naboeigendomen gnr 6 og brnr 6.

Sjå vedlagt kartskisse, vedlegg 3.

Med helsing

Svein Bjerkvik 9/12.18

Svein Bjerkvik

Vedlegg 4

Offentlig vatn og avløpsleidning

Kloakkleidninga får Eidheim og vassleidninga til vassverket for Lid og Berknes går langs Eidheimsvegen. Denne kryssar over omsøkt tomt heilt i sørenden mot grensa til gnr 6 brnr 4.

Dette må takast hensyn til ved avkjøyrsla til tomta, slik at denne startar ved sidan av.

Vidare vil det sansynlegvis vere mogeleg å knyte på kloakkleidninga frå tomta der i sørenden.

Dette til orientering.

Mvh

Oddvin Bjerkvik



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Torgeir Stensø

Arkivsak nr.: 2017/2368

Arkivkode: Q84

Utvallsaksnr

Utval

Møtedato

11/19

Forvaltningsutvalet

29.01.2019

REVIDERING AV SKILTPLAN FOR VOLDA SENTRUM

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med bakgrunn i formannskapet si handsaming av sak PS 165/18 og etter innspel frå Volda næringsforum m.fl. vert revidert skiltplan for del av Volda sentrum - datert 03.01.2019 - lagt ut til offentlig ettersyn.**

Vedleggsliste:

Gjeldande skiltplan for Volda sentrum

Framlegg til skiltplan, del av Volda sentrum, datert 03.01.2019

Formannskaps-sak PS 165/18

Volda Næringsforum: Innspel til endring av skiltplan for Volda sentrum – datert 06.12.2018

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Det er utarbeidd framlegg til revidert skiltplan for del av Volda sentrum. Planen femnar om området Storgata fram til rundkøyring ved Engesetvegen/Lerkane samt delar av Hamnegata/Sjøgata. I arbeidet med revisjonen – som er utforma på bakgrunn av innspel frå Volda Næringsforum m.fl. - har ein i denne omgang konsentrert seg om påpeika naudsynte strakstiltak i eit avgrensa område.

Det er avdekkja behov for vidare arbeid med sikte på ei meir framtidsretta og heilskapeleg trafikkskilting i Volda sentrum.

Saksopplysningar/fakta:

Formannskapet har i samband med orienteringssak OS 147/18 teke opp spørsmål om revidering av skiltplan for Volda sentrum. Ordføraren vart gitt fullmakt til å kontakte Volda Næringsforum for å få innspel til vidare prosess. Volda Næringsforum har som innspel til kommunen (epost den 20.10.2018) bedt om at det vert gjennomført hastetiltak for skilting i Volda sentrum.

VNF har forslått følgjande tiltak:

1. Krysset mot E39 ved Cubus/Det Grøne Tre (Hamnegata/E39)
 - Fjerne innkøyring-forbodeskiltet frå E39
 - Sette opp eit nytt skilt på E39 med forbod mot sving til venstre for trafikk frå retning Ørsta
2. «Vegstumpen» mellom Narvesen/Haavik/Skolsen (Hamnegata):
 - Løyse opp einvegskøyringa (i Hamnegata)
 - Sette opp stoppskilt mot Storgata (krysset Hamnegata/Storgata)
 - Alternativt kan ein gjere tiltak, slik at trafikken flyt meir av seg sjølv rundt Haavik-huset, om ein ikkje får oppna opp for trafikk begge vegar

Revisjon av skiltplan


På bakgrunn av initiativ frå kommunen og etter innspel frå Volda Næringsforum m.fl er det gjennomført kartlegging/utgreiing med sikte på å få på plass nye skiltvedtak for einskilde trafikkpunkt i Volda sentrum. Innspela som er mottekne i saka har i hovudsak gått på at det er ønskeleg å løyse opp restriksjonar på køyreretningar, m.a ved inn- utkøyring på E39 (Sjøgata) ved Det Grøne Treet samt i Hamnegata ved Narvesen/Haavik.

I innspela er det også peika på behovet for å få på plass skiltplan som omfattar heile sentrum – både for kommunale vegar og for delar av E39 Sjøgata/Hamnegata - der ein t.d. ser på om det kan innførast soneregulering av fart og parkering.

Ein har i denne omgang avgrensa revisjonen av skiltplanen til å omfatte dei mest presserande trafikkpunkta som det har vore knytt mykje merksemd til både frå næringsdrivande, publikum samt frå politiet.

For å for å oppnå betre verknad av skiltinga ved dei aktuelle trafikkpunkta har ein funne det fornuftig å foreslå endringar i eit nærliggande område og då i hovudsak Storgata – frå krysset E39 og fram til rundkøyringa ved Engesetvegen/Lerkane.

Det er gjort ei avgrensing i framlegget til revidert skiltplan som omfattar del av Volda sentrum slik som vist på fig.1.



Storgata – forkøyrsvog.

I framlegget til skiltplan legg ein opp til at Storgata kan vere forkøyrsvog frå krysset ved E39/Sjøgata og fram til rundkøyringa nord for sentrum – ei strekning på omlag 400 m. Tiltaket vil medføre at køyrande som skal ut i Storgata frå alle sidevegar på strekninga frå E39 Sjøgata og fram til rundkøyringa vert pålagt vikeplikt.

Ved å gjere dette grepet opprettheld ein trafikktryggleiken i krysset Storgata/Hamnegata (Narvesenhjørnet) sjølv om ein fjernar einvegskøyringa i dette kvartalet.

Skilt som vert fjerna. fig.2.

For å imøtekomme ønskje om eit meir smidig køyremønster og betre trafikkflyt i sentrum er det foreslått å fjerne fleire einvegskøyringar/innkøyring forbode- løysingar. Følgjande skilt er aktuelle for fjerning:

Skilta 302 - *innkøyring forbode* - i krysset ved Cubus/Det Grøne Treet. 2 stk.


Skiltet 302 - *innkøyring forbode* – ved det søraustlege hjørnet av Haavik-bygget.

Skilt 526.2 – *einvegskøyring* – på hjørnet ved Narvesenbygget.

Skilta 302 - *innkøyring forbode* – i krysset Storgata/Halkjelsgata.

Skilt 306.1 – *forbode for motorvogn* – ved kyrkjegardsmuren.


















Skilt 202 – *vikeplikt* – ved utkøyringa til Sjøgata - Cubus/Det Grøne Treet. Ikkje behov for dette skiltet på begge sider av vegen.



Nye skilt.

Følgjande nye skilt er lagt inn i planen:

Skiltpunkt	plassering	Skiltnummer/namn	trafikkskilt
1	På sørsida av E39/Sjøgata, ved busslomme	713 – vanleg vegvisar	

2	Storgata, ved avkøyringa frå E39/Sjøgata	206 – forkøyrsvog 362.40 - fartsgrense	 
3	Krysset Storgata – Hamnegata	208 – slutt på forkøyrsvog 362.40 – slutt på særskild fartsgrense	 
4	Krysset Storgata – Hamnegata (Narvesenhjørnet)	202 - vikeplikt	
5	Krysset Storgata - Vikenesvegen	202 – vikeplikt	
6	Krysset Storgata – Halkjelsgata	202 - vikeplikt	
7	Krysset Storgata – Kyrkjegata	362.40 - fartsgrense	
8	Krysset Storgata – Seljebakken	362.40 - fartsgrense	
9	Krysset Storgata - Kyrkjegata	202 - vikeplikt	
10	Krysset Storgata – Seljebakken	202 - vikeplikt	
11	Krysset Storgata – Stormyra	202 - vikeplikt	
12	Rundkøyringa Storgata/Engesetvegen	208 – slutt på forkøyrsvog 362.40 – slutt på særskild fartsgrense	 
13	Krysset Storgata/Doktervegen	202 – vikeplikt	
14	Rundkøyringa Storgata/Engesetvegen	206 – forkøyrsvog 362.40 - fartsgrense	 

Vurdering og konklusjon:

Arbeidet med revisjon av skiltplan for sentrum har avdekka behov for å gjennomføre tiltak som på kort sikt løyser opp i nokre av utfordringane ved einskilde trafikkpunkt som er påpeika av partane i saka. Skiltplanen som er utarbeidd tek omsyn til dette og kan leggast ut til offentleg ettersyn slik at ein m.a kan innhente råd frå Statens vegvesen, politiet m.fl. som grunnlag for endeleg vedtak.

Eg finn grunn til å påpeike at det er behov for vidare arbeid med trafikkskiltplan for heile Volda sentrum.

Helse og miljøkonsekvensar:

Avgrensa

Økonomiske konsekvensar:

Dersom planen vert godkjent vil kostnadar til oppsetting av nye skilt måtte finansierast.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef


Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda og Ørsta lensmannskontor, Torvmyrane 11B 6160 Hovdebygda
Volda Næringsforum, Storgata 8 6100 Volda
Statens vegvesen Region midt, Postboks 2525 6404 Molde

Klageinstans:

Skiltoversikt		
Skilt-teikning	Skiltnr.	Tal
	302	6
	372	2
	306.1	0
	516	21
	522	0
	526.1	0
	526.2	3
	552	17
	807.8	4
Gjeld ikkje varelevering	808	1
Køyning til eigedomane tillate	808	0
Gjeld ikkje ved gravferd	808	0
	828.1	2
	828.2	0
	828.2	0
	828.2	0
	834	12
	834	0
Gjeld gjennomkøyning	808	0
	713	0
	713	0
	713	2
	376.1	0
	378.1	0
	376.2	0
	378.2	1
	834	0
Reservert Holtegården	834	1
	330.2	0
	202	10
	206	2
	208	2
	362.40	4
	364.40	2
	713	1



Planområde
 Vedteken/eksisterande trafikkskilting
 Ny trafikkskilting


Volda kommune – Sektor for Utvikling
 Stormyra 2
 6100 Volda

Dato: 03.01.2019
 Teikn nr. 1

Skiltplan Volda sentrum, ytre del

Revisjon

Målestokk: _____
 Sign: _____
 tst



E	Avgrensning m.m	JMO	28.02.13
D	Kartbase m.m	JMO	03.11.11
Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dat
Firma	Per Mulvik AS Postadresse: Holmen 7 Beseadresse: Holmen 7 Postnr./stad: 6100 Volda Org.nr.: 941 987 516	Sentral: 70 07 49 90 Direkte: 70 07 49 94 Mob: 95 18 48 75 E-post: jan@mulvik.no	

Prosjektnavn:
Skiltplan Volda sentrum

Oppdragsgivar:
Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Prosjekterande:



www.mulvik.no

Tittel:
Skiltplan Volda sentrum

Teikningstype:

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.:
1467	901	1:1500	E

Pos.nr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	26	27	28
Skilt																												
Skiltnr.	302	372	306.1	516	522	526.1	526.2	552	807.8	808	808	808	828.1	828.2	828.2	828.2	834	834	808	713	713	713	376.1	378.1	376.2	378.2	834	834
Ant.	12	20	1	20	1	1	7	34	10	1	1	2	1	2	2	2	14	2	1	2	2	2	1	1	1	1	3	1



NOTAT

Mottakarar:
Forvaltningsutvalet
Utvikling Torgeir Stensø

Sak: Revidering av skiltplan for Volda sentrum

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/2368	15111/2018	Q84	SVK/SONHAV	31.10.2018

MELDING OM POLITISK VEDTAK FORMANNSKAPET PS 165/18 SKILTPLAN VOLDA SENTRUM

Vi melder med dette frå om at formannskapet den 30. oktober 2018, hadde føre ovannemnde sak PS 165/18, der det vart gjort slikt vedtak:

Formannskapet viser til arbeidet med rask endring av skilting av innkøyring til sentrum etter forslag frå Volda Næringsforum og er tilfreds med prioriteringa av dette. Formannskapet ber Forvaltningsutvalet og administrasjonen prioriterer arbeidet med skiltplan for heile Volda sentrum sett i lys av endringar i vegsystemet, betalingsparkering ved HVO og næringsstruktur.

Med helsing

Sonja Håvik
førstekonsulent

Fra: Rune Sjugard[Rune.Sjugard@volda.kommune.no]

Sendt: 21.10.2018 22:14:54

Til: Postmottak Volda

Kopi: Torgeir Stensø; Jørgen Vestgarden; Rune Totland; Edvin Løfoll; Jørgen Amdam; Asbjørn Moltudal

Tittel: Fwd: SV: Skiltplan sentrum i Volda

Journalførast på Torgeir.

Flott at du Torgeir kan ta denne oppgåva for å avlaste teknisk. Dette er viktig sentrumsutvikling.

Mvh

Rune

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Hallvard Bjørneset <hallvard.bjorneset@sparebanken.no>

Dato: 20.10.2018 14:04 (GMT+01:00)

Til: Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>

Ko: Rune Sjugard <Rune.Sjugard@volda.kommune.no>, 'Lilli Røv' <lilli.rov@globalskolen.no>, 'Mette Ryste' <mette.ryste@sbm.no>, Roar Vikene <roar.vikene@adcom.no>, Eiliv <ehalkje@frisurf.no>, Jan Heltne <jheltne@tussa.com>, 'Eldor Skeide' <eldor.skeide@furene.no>, John Abraham Nymark <john.abraham.nymark@interoptik.no>, Frank Vatne <Frank.Vatne@tussa.no>, 'Kirsti Gjørvad' <kirsti.gjorvad@brunvoll.no>, Karl Erik Rønnestad <kronnest@online.no>

Emne: SV: Skiltplan sentrum i Volda

Hei!

Saka om hastetiltak for skilting i Volda sentrum har vore drøfta i styret for Volda Næringsforum, og vi kjem med forslag på følgande to tiltak i prioritert rekkefølge:

1. Krysset mot E39 ved Cubus/Det Grøne Tre (Hamnegata/E39):

- **Fjerne innkøyring-forbodeskiltet frå E39**
- **Sette opp eit nytt skilt på E39 med forbod mot sving til venstre for trafikk frå retning Ørsta**

2. «Vegstumpen» mellom Narvesen/Haavik/Skolsen (Hamnegata):

- **Løyse opp einvegskøyringa (I Hamnegata)**
- **Sette opp stoppskilt mot Storgata (Krysset Hamnegata/Storgata)**
- **Alternativt kan ein gjere tiltak, slik at trafikken flyt meir av seg sjølv rundt Haavik-huset, om ein ikkje får opna opp for trafikk begge vegar**

Sidan saka om skiltplan for Volda sentrum har versert i mange år no, og det hastar med å få på plass nokre viktige tiltak i påvente av snarleg revisjon av heile skiltplanen, vil det vere kjærkome om tiltaka ovanfor kan gjennomførast så snart som mogleg. Det er svært positivt at Formannskapet har teke tak i denne saka, og vi ser fram til ei god løysing for alle partar!

Med venleg helsing

Hallvard Bjørneset

Styreleiar Volda Næringsforum

Fra: Jørgen Amdam [mailto:jorgen.amdam@volda.kommune.no]

Sendt: onsdag 17. oktober 2018 08:37

Til: Hallvard Bjørneset <hallvard.bjorneset@sparebanken.no>

Kopi: Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>

Emne: Skiltplan sentrum i Volda

Skilting i sentrum blei teke opp som tema på FS i går. Vi vil be om innspel frå styret om kva hastetiltak som trengs for å få ein meir velfungerande trafikksituasjon i sentrum.

Beste helsing



Jørgen Amdam

Ordfører

Ordfører

Direkte 95463942 Mobil 95463942

www.volda.kommune.no

INNSPEL TIL ENDRING AV SKILTPLAN FOR VOLDA SENTRUM

Volda Næringsforum (VNF) har hatt ein grundig gjennomgang av trafikk- og skilttilhøva i Volda sentrum med næringsdrivande i sentrum, og fremjar med dette konkret innspel.

VNF sin prosess syner at dei trafikkale tilhøva i sentrumskjernen er sterkt og kritisk hemmade for ei berekraftig utvikling, og vi oppfattar det slik at det er brei politisk og administrativ semje om å gjennomføre ei rask endring av trafikk- og skilttilhøva.

Knytt til berekraftig utvikling av sentrum syner vi særleg til Kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommunestyret har der m.a. sagt at det er sentralt for samfunnsutviklinga at vi utviklar eit fortetta sentrum der ein både legg til rette for meir bustadutbygging, styrka og aktiv tilrettelegging for detaljhandel m.m. Innspelet vårt har såleis ikkje berre eit reint næringsperspektiv, men tek og utgangspunkt i eit meir omfattande samfunnsperspektiv.

Ein realitetstilpassa trafikk- og skiltsituasjon er ein av fleire avgjerande føresetnader for å nå desse måla.

Det syner seg difor heilt avgjerande å gjennomføre ei endring av skiltplan som er noko meir omfattande enn eit eller to strakstiltak – dei akutte strakstiltaka må vere noko meir omfattande,

Innspelet er og i samsvar med målesettingar skissert i Kommuneplanen sin samfunnsdel.

Tiltaka vi skisserer er desse:

- **Storgata må vere forkøyrsvog frå X E39 til rundkøyring Lerkene.** Sikrar m.a. flyt og kapasitet ved avkøyring frå E39.
- **Ut og innkøyring ved Cubus.** Gjerne kun høgresving ved utkøyring. Er nødvendig for å sikre tilkomst til nærområdet utan å køyre miljøbelastande og hemmande omvegar. Gjev positiv fordelingeffekt på avkøyringsbehov E39.
- **Ut og innkøyring Snippa, som vert å opne for tovegs køyring.** Tilbakeføring til førsituasjon. Er nødvendig for å sikre tilkomst til nærområdet utan å køyre miljøbelastande og hemmande omvegar. Gjev positiv fordelingeffekt på avkøyringsbehov E39.

- **Heile sentrumskjernen må skiltast 30-sone.** Legg til rette for godt gatemiljø for mjuke trafikkantar, samtidig som det vil legge til rette for ønskt fortetting. Ut frå eksisterande gatestruktur inneber dette ikkje noko anna enn ei realitetstilpassing til mogleg og forsvarleg fart i området. Tiltaket er og avgjerande viktig for å oppnå målsetting om fortetting i sentrum, jf. behov for siktlinjer ved utbyggingar m.m.
- **Heile sentrumskjernen må skiltast som P-sone max 2 timar med unntak av særskilt merka plassar.** Dette vil m.a. gjere p-situasjonen meir føreseieleg og lettare å oppfatte. Dagparkering for tilsette og andre kan då styrast mot særskilte p-areal, medan område for kundeparkering vert lettare både tilgjengeleg og oppfatta. Vil dempe miljøbelastande køyring for å leite etter tilgjengelege p-plassar.
- **Halkjelsgata og Hamnegata må opnast for tovegs køyring frå Storgata og austover.** Dette er nødvendig for å dempe omfattande og miljøbelastande omkøyningar som no finn stad. Dette vil og gje nødvendig lette i tilgangen til handel- og serviseverksemdene i desse gateområda.
- **E39 må skiltast som 40-sone frå Munken tom X Fergekaia.** Det flotte og sentrumsnære området Munken med sine veksande aktivitetar er i dag utan gangvegstilknytning til sentrum. Det er i særleg grad born og ungdom som nyttar området. Trafikktilhøve langs denne delen av E39 er særleg utfordrande. Fartsdemping er difor heilt nødvendig.
- **E39 må skiltast som 30-sone frå X Fergekaia til ca 100 m. etter X Prestegata.** Også dette punktet legg til rette for godt gatemiljø for mjuke trafikkantar. Også her gjeld det at dette ikkje inneber noko anna enn ei realitetstilpassing til mogleg og forsvarleg fart.

Dei siste 2 punkta er nødvendige av omsyn til mjuke trafikantar ut frå manglande gang- og sykkelveg, manglande fartsdempende tiltak m.m. For streninga X Fergekai til X Prestegata inneber endringa berre ein reell tidsauke på ca 20 sekund for gjennomgangs-trafikken.

Innspelet tek utgangspunkt i ei realitetsorientering som byggjer på at Volda sentrum er eit lite og kompakt sentrum, som sjølv med desse tiltaka vil ha relativt begrensa trafikkutfordringar.

Vi ser det som nødvendig at samla tiltakspakke vert politisk forankra, og at ein prioriterer gjennomføring av gatetiltaka utanom E39 så hurtig som råd medan ein er i avklaringfase med vegmynde knytt til tiltaka på E39. VNF vil gjerne samarbeide tett med administrasjonen ved vidare handsaming av framlegget, samt i møte med eksterne premisslegjevarar og partar.

Vennleg helsing


Volda Næringsforum

PS 12/19 Orienteringssaker

Orienteringssaker

OS 1/19 Ettersøksavtale for 2019



VOLDA KOMMUNE

Stormyra 2
6100 VOLDA

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2014/183	16936/2018	K46	VIDDAL	14.12.2018

ETTERSØKSAVTALE FOR 2019

VEDTAK:

Ettersøksavtale for 2019 mellom Volda kommune og Volda og Ørsta ettersøksring, vert godkjent, med desse hovudpunkta:

Årleg vaktgodtgjersle er kr 20 000, timepris for ekvipasje kr 300, og ev. ekstrahjelp kr 300 pr. time. Reiseutgifter etter off. km takst. Prøvetaking for CWD kr 300 pr. prøve.

Ettersøksringen overtek fallvilt etter oppdrag.

Ettersøksringen er ansvarleg for nødvendige forsikringar på person, hund og utstyr.

Vaktgodtgjersle og andre kostnader med ettersøka skal dekkjast frå det kommunale viltfondet.

Orientering om rett til å klage på enkeltvedtak:

Vedtaket kan påklagast til Ørsta kommune. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klager seint, slik at det kan være uklårt for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje datoen denne meldinga kom fram.

Utskrift:
VOLDA & Olavsgata 19 6153 ØRSTA
ØRSTA
ETTERSØKSRI
NG

Utskrift:
VOLDA & Olavsgata 19 6153 ØRSTA
ØRSTA
ETTERSØKSRI
NG

Saksopplysningar:

Kommunen har plikt til å sørge for ettersøk og avliving av påkøyrde og sjuke dyr, jfr. §29 i *forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst*. Der står det at kommunen skal sørge for avliving dersom dyret ikkje kan bli friskt. Ettersøksplikta gjeld storvilt og kongeørn, storvilt er definert som elg, hjort, dåhjort, villrein, rådyr, villsvin, muflon, moskusfè, bjørn, ulv, jerv og gaupe. I samband med dette har Volda kommune sidan 2011 hatt avtale med Volda og Ørsta ettersøksring om ettersøk av trafikkskadd vilt/fallvilt, når det har vore behov for dette. Etter avtalen har ettersøksringen teke seg av alle utrykkingar, og dei får melding direkte frå Politiet. Med i avtalen er at ettersøksringen får overta fallviltet etter oppdrag, i dei tilfella det er brukande.

Fast vaktgodtgjersle har vore kr 18 000 i 2017 og 2018, den er føreslått auka til kr 20 000 for 2019. Med i kostnad og oppdrag er også ettersøk under jakta der kommunen har teke over ettersøket. Kostnadene med ettersøk vert dekkja over det kommunale villfondet, der inntektene kjem frå fellingsavgift på hjort. Ettersøksringen kan i tillegg få tilskot til kurs, etter søknad.

Volda og Ørsta ettersøksring v. leiar Jan Roger Bjørkedal har kome med tilbod til ny avtale med kommunen, for 2019. Det er føreslått eittårig avtale pga. at Hornindal kommune skal slå seg saman med Volda kommune frå 2020. Avtalen er endra frå 2017/18 på desse punkta: Vaktgodtgjersle vert auka frå kr 18 000 til kr 20 000, timepris for ekvipasjen og ev. ekstrahjelp vert auka frå kr 270 til kr 300. Køyreutgifter etter off. sats. Pris på kr 300 pr. CWD-prøve er uendra. Mattilsynet har bedt kommunane om hjelp til å ta ut hjerneprøver på fallvilt av hjort over 16 mnd., for kontroll av sjukdomen CWD (Chronic wasting disease). Viltet skal tilfalle ettersøksringen, som også tek seg av avfall og dyr som er vraka. Nødvendige forsikringar på personar, hund og utstyr er i hovudsak ettersøksringen sitt ansvar, men kommunen har teke opp ei kollektiv ulykkesforsikring som dekkjer ettersøkslaget når dei er på oppdrag.

Ettersøksringen har etter tidlegare opplysningar 13 ekvipasjar (hund + førar). Ringen har om lag likelydande avtale med Ørsta kommune.

Vurdering og konklusjon:

Ein ser det som nødvendig at kommunen har avtale om tilgang på ettersøkshund, for å kunne drive ettersøk og ev. avliving av skadd vilt/fallvilt på ein forsvarleg måte, slik kommunen har plikt til. Volda og Ørsta ettersøksring har sidan 2011 teke all utrykking når det gjeld fallvilt, og avtalen og ordninga har etter administrasjonen sitt syn fungert svært godt. Ettersøksringen har sendt faktura og rapporterar fallvilt direkte på appen «Fallvilt» til kommunen og hjorteviltregisteret.

Avtalen er om lag som tidlegare, med noko auke i vaktgodtgjersle og timesats, denne er ikkje urimeleg i forhold til løns- og prisvekst, og det er dekning i villfondet for utgiftene. Konklusjonen er at forslag til avtale mellom kommunen og Volda og Ørsta ettersøksring for 2019, vert godkjent. Kostnadene vert dekkja frå det kommunale villfondet.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Peder Magnus Magnussen
fagansvarleg skogbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

ETTERSØKSAVTALE

Mellom Volda & Ørsta Ettersøksring (org.nr.009956 08847) og Volda kommune vert følgjande avtale om ettersøk og avliving av skada vilt og CWD prøvetaking i avtaleperioden inngått.

Føremål

Avtalen skal sikre at Volda Kommune har forsvarlege rutiner i samsvar med gjeldane lovverk vedrørende ettersøk og avliving av skadd vilt.

Retningslinjer

For å ivareta føremålet med avtalen skal Volda & Ørsta Ettersøksring:

- Innan rimeleg tid kunne starte ettersøk med bakgrunn i varsling frå politiet eller viltforvaltninga i kommunen.
- Ha vakttelefoner eller anna ordning som sikrar at dei er tilgjengelege.
Vakttelefonane skal brukast av politi og viltnevd i den rekkefølja som Volda & Ørsta Ettersøksring har satt opp.
- Skrive rapport, og levere skjema kvartalsvis.
- Fakturere for utført oppdrag (fallvilt) kvartalsvis.
- Ved ordinære søk under jakta gjeld avtale mellom Ettersøksringen og valda.
- Volda & Ørsta Ettersøksring skal tilkallast der skadde dyr skal leitast opp og eller avlivast og takast hand om.
- Der dyr skal takast vare på skal det ikkje skrivast timer for transport og slakting.

Partane har felles ansvar for at avtalen vert etterlevd og fungerer etter hensikta.Tidsramme for avtalen.

Avtalen gjeld for eit tidsrom på 1 år, f.o.m. 01.01.2019 t.o.m. 31.12.2019 og kan lengast.

Begge parter har høve til evaluering og revidering av avtalen.

Slik revidering må godkjennast av begge parter.

I avtaletida er Ettersøksringen pliktig til å vere tilgjengeleg for ettersøk så sant ringen består.

Godtgjersle

Ørsta Kommune betaler Volda & Ørsta Ettersøksring årleg kr 20000.- i vaktgodtgjersle frå viltfondet.

Vaktgodtgjersla skal utbetalast til Volda & Ørsta Ettersøksring innan utgangen av januar.

Timesats for ekvipasjen er kr 300.- + off km sats + passasjertillegg for hund skal nyttast. Når ekstra mannskap må utkallast for og handtere fallviltulykke eller søk etter fallvilt, skal timesatsen for denne vere kr 300.- + off km + passasjertillegg for hund skal nyttast.CWD Prøvetaking kr 300.- pr. prøve.

Alt fallvilt tilfaller Volda & Ørsta Ettersøksring som også fjerner døde dyr som er vraka der viltforvaltninga ber om det. Volda & Ørsta Ettersøksring skal også ta hjerneprøve av alt fallvilt (Hjort) som er over 16 mnd gamle, og sende desse inn til analyse.

For Volda & Ørsta Ettersøksring

For Volda Kommune